

# Cittaslowrådsmøte nr.5/2016



Ulvik herad - Perla i Hardanger



## Referat rådsmøte:

**Tid: 7. november 2017 kl. 19.00-21.10**

**Stad: Heradstyresalen, Ulvik**

## **Møtt:**

Håkon Gjerde  
Gunnbjørg Øyre  
Jenny Johnsen  
Stein Olav Kolaas  
Ingrid Prestegard  
Vegard Innset  
Vibeke Korsnes  
Hans Petter Thorbjørnsen  
Natalia A. Golis

## **Saksliste:**

**Sak 29/16: Godkjenning av innkalling og dagsorden (V)**

**Vedtak:** Vedtatt.

**Sak 30/16: Sertifisering/ tildeling av Cittaslow-utmerking til verksemder/ produsentar/ skule og barnehage (V)**

Som godkjend Cittaslowkommune er det ynskjeleg at heile lokalsamfunnet tek eigarskap til Cittaslow-snigelen og verdiane til Cittaslow. Vedlagd er utkast til sertifiserings-kriterier for verksemder, produsentar, skule og barnehage, med utgangspunkt i prosedyren til Svendborg og Levanger.

Det er viktig å gjera prosessen kjend og lett tilgjengeleg. Prisen kan bestå av eit diplom med begrunning og eit skilt/plakett med logo til Cittaslow. Den som har mottatt sertifiseringa kan då få lov å bruke Cittaslow-logoen i si marknadsføring mm.

Det skal også drøftast korleis utmerkinga skal gjennomførast. Er det Cittaslowrådet ved leiar? Etter vedtak i Formannskapet etter innstilling frå Cittaslowrådet?

Kriteria er delt inn i følgande hovudområder i medlemscharter for Cittaslow internasjonalt:

- Prinsippa for miljøarbeid i heradet.
- Prinsippa for infrastrukturen i heradet.
- Tekniske løysningar for bygdemiljøet
- Fremje av lokal produksjon (produksjon/sal/bruk)
- Gjestfridom
- Informasjon

Rådet diskuterte dette kring innhald i sertifisering, korleis nominere/ foreslå kandidatar og idémyldring mm.

**Vedtak:**

1. Utkast til nye retningslinjer og informasjonsbrev blir sendt til rådet for godkjenning til neste rådsmøte. Denne jobben gjer rådsleiar Ingrid Prestegard og Natalia Golis.
2. Det skal være mogleg å søkje om godkjenning på heimesida. Godkjenning skal inkludere enkel søknad, besøk av Cittaslowrådet som skriv ei vurdering og til slutt handsaming i rådet. Det blir laga eit diplom der begrunninga står inkl kva hovudområder bedrifta/organisasjonen er sertifisert innan, samt ein får tildelt eit skilt som ein kan henge på yttervegg eller liknande.
3. Ein gong i året, på Oktobertorget, markerer og hedrar me alle som har mottatt sertifisering ilt året.
4. Sertifiseringa skal sendast ut fortløpande gjennom året.

**Sak 31/16: Fråsegn Cruise kai (V)**

Det er kome inn søknad for omregulering for å etablere ein «SeaWalk®»-cruise kai-løysing i Ulvik. Denne skal konsekvensutgreiast i samsvar med krav frå Fylkesmannen. Planforslag leggjest ut til offentleg ettersyn og høyring i mars, med mogleg endeleg politisk vedtak i mai 2017.

Rådet tok dette som ei ope drøftingsak, for så å setja ned ei mindre arbeidsgruppe som kan arbeide fram eit utkast til fråsegn på vegne av Cittaslowrådet.

**Vedtak:** Cittaslowrådet ynskjer å gje høyringsfråsegn til handsaming av reguleringsplanen for SeaWalk cruise kai Ulvik. Arbeidsgruppa, som består av Vibeke Korsnes, Pål Drønen, Vegard Innset og Jenny Johnsen, har ansvar for å leggje fram eit utkast til handsaming i rådet i desember/ januar.

Cittaslowrådet ynskjer å auka kompetansen kring kva dette vil innebera og kva for moglegheiter som ligg i etableringa. Rådet ber heradet ved ordførar og adm. invitera inn fagpersonar til å uttale seg om saken i eit ope møte.

**Sak 32/16: Oktobertorg Evaluering 2016 og 2017 (V)**

Oktobertorget er evaluert og det blir kalla inn til idémyldringsmøte i februar. Sjå vedlegg for evalueringa.

**Vedtak:** Evalueringar til Oktobertorget tas til vitande.

**Sak 33/16: Ulvik Miljø- og kulturpris (V)**

Jamfør Cittaslowrådsmøte i august var det eit ynskje om å utgreie korleis ein Miljøpris for Ulvik kunne sjå ut. Samstundes har det blitt vurdert å utvida Kulturprisen i Ulvik til ei Eldsjelspris. Drøfting kring dette.

**Vedtak:** Cittaslowrådet er positiv til å opprette ein framtidig Miljøpris. Cittaslowrådet utset arbeidet med dette for å kunna prioritera å få ut informasjon og konkretisere Cittaslowsertifiseringar fram til over nyttår.

**Sak 34/16: Klimadugnad for Ulvik med besteforeldre aksjonen. (V)**

Kommunen har blitt kontakta av Besteforeldrenes Klimaaksjon om me vil vera med å skipa til ein dugnad for klima i februar 2017. Dette har fleire kommunar allereie arrangert, til dømes Os, Stord, Bergen og Eidfjord.

**Vedtak:** Cittaslowrådet vil gjerne bidra med å skipa til ein Klimadugnad i Ulvik. Aktørar som kan tenke seg å være interessert i å bidra bør inviterast til å delta.

### **Sak 37/16: Orienteringer (D)**

1. Nyhende frå det **Internasjonale Nettverk**
2. Det Nordiske **Nettverket**: Det har vært eit arbeidsgruppemøte med det Nordiske rådet i Nordiske Nettverk i Oslo den 31.10. Her er det to prosjekt på gang. Eit større felles kunstprosjekt/ og deltaking på Cittaslowmarknad i Svendborg i september.
3. **Matsatsing og Slow Food**: Natalia har vore på Matarena som er eit samla organ for matsatsing i Bergen og regionen. Meir informasjon kan du finne på heimesida til Matarena i Bergen. Det blir arbeid med ein søknad til kompetansekurs for reiselivet i Ulvik.
4. **Internett/ heimeside**: Heile hovudsida til Cittaslow skal lagast på nytt, med lenker til andre Cittaslowkommunar i Norge, det Nordiske Nettverket og internasjonalt. Dette inneber også bloggen og ikkje minst informasjon og link til vår vennskapsby Greve i Chianti.
5. **Ny plan for næring og utvikling i Ulvik**: Orientering om status og planlagde opne møter og prosess framover.

### **Sak 36/16: Møteplan 2016/2017**

Forslag til neste møte i rådet:

- **Mandag 19. desember**
- Onsdag 4. januar
- Onsdag 1. februar
- Tysdag 7. mars

### **Sak 37/16: Ymse**